



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/14	Formannskapet	30.10.2014

Saksansvarleg: Jan Olav Åsarmoen Møller

Arkivsaknr.:  
14/638-9

Arkiv  
K1-024

Sakshandsamar  
Steinar Søggaard,

Dato  
22.10.2014

### Kommunereforma - utgreiingsbehov

#### Kort samandrag

I kommuneproposisjonen 2015 (prop. 95 S) tek regjeringa sikte på "større og meir robuste" kommunar: Kommunene bør ha minst 15.000-20.000 innbyggere for å sikre en god oppgaveløsning" (pkt. 4.5.2). Samanslåingane skal vere sette i gang seinast 1.1.2020, og den regionale prosessen i regi av fylkesmennene startar i 2014. Staten seier at kvar kommune har eit sjølvstendig utgreiings- og vedtaksansvar og at alle kommunar må ta stilling til eventuelle samanslåingar innan våren 2016.

#### Rådmannen si tilråding:

1. Aurland kommune er positiv til deltaking i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadane av ei kommunereform i indre Sogn. Dersom regionrådet ikkje semjast om å gjennomføre ei slik utgreiing, er kommunen positivt til ei utgreiing om kommunereforma i lag med andre kommunar. Kven dette kan vere må avklarast gjennom politiske initiativ og prosessar. Dersom andre kommunar i Sogn ønskjer å ta del i ei slik utgreiing er kommunen positiv til det.
2. Aurland kommune er positiv til deltaking i utgreiingsarbeidet om kommunestruktur saman med Voss kommune

### 30.10.2014 FORMANNSKAPET

#### FS-068/14 VEDTAK:

1. Aurland kommune er positiv til deltaking i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadane av ei kommunereform i indre Sogn. Dersom regionrådet ikkje semjast om å gjennomføre ei slik utgreiing, er kommunen positivt til ei utgreiing om kommunereforma i lag med andre kommunar. Kven dette kan vere må avklarast gjennom politiske initiativ og prosessar. Dersom andre kommunar i Sogn ønskjer å ta del i ei slik utgreiing er kommunen positiv til det.
2. Aurland kommune er positiv til deltaking i utgreiingsarbeidet om kommunestruktur saman med Voss kommune

Samrøystes

.....



**Balestrand kommune**  
Fellestenestene

Sogn regionråd  
v/ Karina Nerland

**Vår ref.**  
14/672-9/KB

**Arkivkode**  
002 &23

**Deres ref.**

**Dato**  
27.10.2014

**MELDING OM VEDTAK - Kommunereforma og lokal utgreiingsprosess**

Kommunestyret handsama i møte 16.10.2014 sak 40/14. Fylgjande vedtak vart fatta:

**Vedtak:**

Balestrand kommune sluttar seg til rådmannsgruppa i Sogn Regionråd sitt framlegg til mandat for arbeidet med kommunereforma.

**Samrøystes.**

Med helsing

Kjellaug Brekkhus  
Rådmann

Kopi til: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

---

Adresse:  
Kong Beles veg 20  
6899 BALESTRAND  
E-post: [postmottak@balestrand.kommune.no](mailto:postmottak@balestrand.kommune.no)  
Internett: [www.balestrand.kommune.no](http://www.balestrand.kommune.no)

Sentralbord: 57 65 12 00  
Telefaks: 57 69 12 05  
Bankgiro: 3805.07.00043  
Bankgiro for skatt: 7855.05.14183  
Organisasjons. nr 970 184 252

  
**Balestrand**  
inspirerer deg



## Høyanger kommune Møtebok

Utval	Møtedato	Saksnr
Formannskap	06.11.2014	049/14
Kommunestyre	18.11.2014	064/14

### Kommunereforma - retningsval, utgreiing m.m.

#### Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å starte ein utgreiingsprosess i høve kommunereforma med å ta del i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadene av ei kommunereform i Sogn.
2. Kommunestyret sluttar seg til utarbeidd mandat og framdriftsplan for felles utgreiing i regionrådet om kommunereforma.
3. Kommunestyret opprettar eit mellombels utval med deltaking frå alle politiske parti som arbeidsgruppe for lokal oppfølging av kommunereforma. Formannskapet får fullmakt til å fastsetje arbeidsoppgåver for utvalet og ordføraren vert valt som leiar.
4. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å tilsetje ein kommunal prosjektleiar i høve reforma.

06.11.2014 Formannskap

Hanne Ørnehaug sette fram følgjande endringsframlegg – nytt pkt 4:

**Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å utpeike ein lokal kommunal tilsett som prosjektleiar til arbeid med reforma.**

**FS-049/14 FRAMLEGG - samr. som rådmannen si tilråding med endringsframlegg frå Hanne Ørnehaug – pkt. 4.**

18.11.2014 Kommunestyre

Ingunn Kandal sette fram følgjande tilleggsframlegg – nytt pkt 5:

Kommunestyret ber om at utgreiinga legg fakta til grunn for arbeidet, at kommunesamanslåinga skal vere basert på frivilligheit og at ei eventuell samanslåing skal avgjerast gjennom folkerøysting.

Solveig Norevik sette fram følgjande endringsframlegg – nytt pkt. 3:

Kommunestyret opprettar eit mellombels utval som arbeidsgruppe for lokal oppfølging av kommunereforma. Gruppa blir samansett av ein representant m/vara utpeike av dei politiske partia representert i kommunestyret i tillegg til ordføraren. Rådmannen blir sekretær for arbeidsgruppa.

**KS-064/14 VEDTAK - pkt. 1 – samr. som framlegg**

**pkt 2 - samr. som framlegg**

**pkt 3 – samr. som nytt framlegg frå Solveig Norevik**

**pkt 4 – samr. som endringsframlegg frå Hanne Ørnehaug**

**pkt 5 – som framlegg frå Ingunn Kandal med 17 mot 3  
røyster**

# Saksprotokoll

---

**Utvalg:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 25.09.2014  
**Sak:** 28/14

---

**Resultat:**

**Arkivsak:** 14/748  
**Tittel:** **Kommunereform 2015-2017**

**Behandling:**

**Vedtak:**

**Leikanger kommune stiller seg positiv til å delta i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadene av ei kommunereform i Indre Sogn. Dersom Sogn regionråd ikkje semjast om å gjennomføre ei slik utgreiing, er Leikanger kommune positiv til ei utgreiing om kommunereforma med Luster og Sogndal kommune. Om andre kommunar i Sogn ønskjer å ta del i ei slik utgreiing er Leikanger positiv til det.**

# Saksprotokoll

---

**Utvalg:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 20.11.2014  
**Sak:** 40/14

---

**Resultat:**

**Arkivsak:** 14/748  
**Tittel:** **Kommunereform 2015-2017**

**Behandling:**

**Vedtak:**

1. Leikanger kommunestyre godkjenner framlegg til mandat for felles utgreiing om kommunereforma i regi av Sogn regionråd
2. Leikanger kommunestyre opprettar eit eige arbeidsutval med medlemar frå alle politiske parti med ordførar som leiar for lokal oppfølging av kommunereforma.
3. Formannskapet får fullmakt til å vedta nærare om arbeidsutvalet sin organisering, arbeidsoppgåver, rapportering og framdriftsplan.



07.11.2014

Valde komitèmedlemer og varamedlemer

Arkivsak: 14/2345

Løpenr.: 14/12293

Sakshandsamar:

Jarle Skartun

-

### **Melding om politisk behandling - Kommunereforma og lokal utgreiingsprosess**

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 06.11.2014, sak 65/14:

*«Kommunestyret opprettar ein mellombels komitè til arbeidsgruppe for lokal oppfølging av kommunereforma. Kwart parti oppnemner ein kommunestyremedlem, med personleg varamedlem. Kommunestyret skal fastsetje nærare arbeidsoppgåver for komitèen.*

*Følgjande vert valde:*

<i>Parti: Medlem:</i>	<i>Personleg varamedlem:</i>
<i>Sp: Marit Aakre Tennø</i>	<i>Knut Hauge</i>
<i>Frp: Ernst Veum</i>	<i>Arne J Hauge</i>
<i>H: Geir Arve Sandvik</i>	<i>Britt Brugrand</i>
<i>V: Jon Ove Lomheim</i>	<i>Steinar Bruheim</i>
<i>Krf.: Olaug Høyheim</i>	<i>Oddny Urnes</i>
<i>Ap: Odd Atle Stegegjerdet</i>	<i>Morten Vigdal</i>

*Ordføraren vert valt som medlem og leiar av komitèen.*

*Kommunestyret startar ein lokal utgreiingsprosess i høve kommunereforma med å ta del i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadene av ei kommunereform i Sogn. Kommunestyret sluttar seg til mandat og framdriftsplan for felles utgreiing om kommunereforma slik den ligg føre.»*

Dokumenta i saka er tilgjengeleg på kommunen si heimeside, møtekalender på den nemnde saka.

Ordførar vil kalle inn til møte i komiteen.

Med helsing

Anita Bjørk Ruud  
Politisk sekretariat

*Brevet er elektronisk godkjent utan signatur*

Kopi: Sogn Regionråd og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane via epost.



# Lærdal kommune

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
056/14	Kommunestyret	16.10.2014

**Sakshandsamar:** Alf Olsen jr

**Arkiv:** K1-

**Arkivsaksnr.** 14/869 - 1

### Kommunereforma - utgreiingsbehov

#### Kort samandrag

I kommuneproposisjonen 2015 (prop. 95 S) tek regjeringa sikte på ”større og meir robuste” kommunar: Kommunene bør ha minst 15.000-20.000 innbyggere for å sikre en god oppgaveløsning” (pkt. 4.5.2). Samanslåingane skal vere sette i gang seinast 1.1.2020, og den regionale prosessen i regi av fylkesmennene startar i 2014.

Staten seier at kvar kommune har eit sjølvstendig utgreiings- og vedtaksansvar og at alle kommunar må ta stilling til eventuelle samanslåingar innan våren 2016.

#### Rådmannen si tilråding:

Lærdal kommune er positiv til deltaking i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadene av ei kommunereform i indre Sogn. Dersom regionrådet ikkje semjast om å gjennomføre ei slik utgreiing, er kommunen positivt til ei utgreiing om kommunereforma i lag med andre kommunar. Kven dette kan vere må avklarast gjennom politiske initiativ og prosessar. Dersom andre kommunar i Sogn ønskjer å ta del i ei slik utgreiing er kommunen positiv til det.

### 16.10.2014 KOMMUNESTYRET

#### Framlegg frå Marianne Øren:

Lærdal kommune er positiv til deltaking i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadene av ei kommunereform i indre Sogn. Dersom regionrådet ikkje semjast om å gjennomføre ei slik utgreiing, er kommunen positivt til ei utgreiing om



kommunereforma i lag med andre kommunar. Kven dette kan vere må avklarast gjennom politiske initiativ og prosessar. Dersom andre kommunar ønskjer å ta del i ei slik utgreiing er kommunen positiv til det. Dersom Sogn regionråd ikkje semjast om ei slik utgreiing innan 01.12.14, vil Lærdal kommune sjå på andre moglegheiter.

#### **Framlegg frå Gro Starheimsæter:**

Framlegget frå Marianne Øren med følgjande tillegg:

Som styringsgruppe vert gruppeleiarane valde.

Rådmannen får i oppdrag å oppnemne ein representant frå administrasjonen.

#### **KS-056/14 VEDTAK:**

Framlegget frå Gro Starheimsæter vart samrøystes vedteke.

#### **Vedlegg:**

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

#### **Saksutgreiing**

Regjeringa har i kommuneproposisjonen 2015 presentert innhaldet i kommunereforma. Her finn me ein framdriftsplan som inneber at kommunane frå august i år til mai 2016 skal ta stilling til kven kvar kommune ev. vil slå seg saman med. Våren 2015 vert det lagd fram ei stortingsmelding om kva nye oppgåver kommunane skal få ansvar for. Våren 2017 skal reforma summerast opp i ei eiga stortingsmelding. Når Stortinget har handsama denne meldinga veit me korleis dei nye kommunegrense blir og kva nye oppgåver dei nye kommunane skal få.

I 1995 vedtok Stortinget at alle endringar i kommunestrukturen skal byggje på frivillige samanslåingar, det vil sei at alle involverte kommunar må vera samde om å slå seg saman, for å gjennomføre ei kommunesamanslåing. Denne premissen for endringar i kommunestrukturen er no endra. I Kommuneproposisjonen 2015 heiter det m.a.:

*«I utarbeidelsen av beslutningsgrunnlaget for Stortinget vil det bli lagt til grunn at enkeltkommuner ikke skal kunne stanse endringer som er ønsket og hensiktsmessige ut fra regionale og nasjonale hensyn. I proposisjonen vil det dermed kunne foreslås sammenslåinger av kommuner som avviker fra de lokale vedtakene.»*

Vidare innfører regjeringa fleire økonomiske verkemiddel til dei kommunane som slår seg saman. Nye, større kommunar får dekkja eingongskostnader på 20 til 65 mill. kroner og dei får ei reformstøtte på 5 til 30 mill. kroner. Kor mykje den nye kommunen får i støtte er avhengig av kor mange kommunar som slår seg saman og storleiken på den nye kommunen.

Eit fleirtal på Stortinget har slutta seg til innhaldet i kommunereforma, jf. Innst. 300 S 2013-2014.



Sogn regionråd  
Postboks 153

6851 SOGNDAL


## Kommunereforma

### Melding om vedtak

Kommunestyret handsama saka i møte 04.09.2014 sak 38/14, og gjorde slikt vedtak:

Sogndal kommunen er positiv til deltaking i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadene av ei kommunereform i indre Sogn. Dersom regionrådet ikkje semjast om å gjennomføre ei slik utgreiing, er kommunen positivt til ei utgreiing om kommunereforma i lag med Leikanger kommune og Luster kommune. Dersom andre kommunar i Sogn ønskjer å ta del i ei slik utgreiing er kommunen positiv til det.

Med helsing


  
Jostein Aanestad  
rådmann

SOGNDAL KOMMUNE - SENIORARKIVET		
Ar/sak: 14/2040	Dok.nr: 6	Saksh: KAN
L.nr:	13916/14	
15 SEPT 2014		
Ark.kode P:	030	
Ark.kode S:	823	
Kassasjonsår:	Gjeldning: 8	

## Rådmannen

Sakshandsamar:  
Jostein Aanestad  
Tlf: 57 62 96 10  
Vår ref.  
14/2291-7  
Arkiv  
030 &23  
Dykkar ref.

Dato  
05.09.2014



# Vik kommune

Rådmannen

---

Sogn Regionråd  
Karina Nerland

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr.	Dato
14/1061 - 14		Oddbjørn Ese	97 71 09 18	24.11.2014

## MELDING OM VEDTAK

### Kommunereforma 2014

Det er gjort følgende vedtak i saka:

### KOMMUNESTYRET

#### **043/14Vedtak:**

Vik kommune er positiv til deltaking i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadane av ei kommunereform i indre Sogn. Dersom regionrådet ikkje klarar å semjast om å gjennomføra ei slik utgreiing, er Vik kommune positiv til ei utgreiing i lag med ein avgrensa del av kommunane.

Vik kommune er også positiv til deltaking i felles utgreiing om gjennomføring og verknadane av ei kommunereform med Voss og evt. andre omkringliggjande kommunar.

Samrøystes

Med helsing

Oddbjørn Ese  
Rådmann

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*



# Vik kommune

Rådmannen

---

Sogn regionråd  
Karina Nerland

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr.	Dato
14/1061 - 15		Oddbjørn Ese	97 71 09 18	24.11.2014

## MELDING OM VEDTAK

### Kommunereforma

Det er gjort følgende vedtak i saka:

### KOMMUNESTYRET

#### 057/14Vedtak:

Formannskapet har ikkje merknad til at Vik kommune sluttar seg til felles utgreiing om kommunereforma slik dette kjem fram i saksutgreiing og tilråding til Sogn regionråd sitt komande møte.

Samrøystes.

Med helsing

Oddbjørn Ese  
Rådmann

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

# Årdal kommune

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
057/14	Kommunestyret	23.10.2014

**Sakshandsamar:** Frank Westad

**Arkiv:** K1-020,  
K3-&23

**Arkivsaksnr.** 14/527

### Kommunereform - lokal utgreiingsprosess

#### Saka gjeld

Vedta lokal utgreiingsprosess for kommunereforma.

#### Bakgrunn

Regjeringen presenterte kommunereforma i samband med kommuneproposisjonen 2015.

Kommunane er no invitert til å delta i utgreiingsarbeid for å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar.

Målsetting for reformen er *"å gje gode, likeverdige tenester til innbyggjarane, ein heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er berekraftige og økonomisk robuste, og eit styrka lokaldemokrati."*

#### Drøfting

I brev frå kommunalministeren vert kommunane invitert til å delta i utgreiingsprosessen. Alle kommunar skal gå gjennom prosessen med å diskutere og vurdere samanslåing og prosessen skal vere avslutta med kommunestyrevedtak seinast innan våren 2016.

Våren 2015 vil kommunalministeren legge fram forslag til Stortinget om nye oppgåver til større og meir robuste kommunar. Kva oppgåver kommunane får vil vere kjent før kommunestyret skal fatte vedtak om vegen vidare. Regjeringen planlegg å legge fram ein samla proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur våren 2017.

Rådmannsgruppa i Sogn regionråd har diskutert ei felles utgreiing i regi av regionrådet. Kommunane skal gjere retningsval innan 31. januar 2015 og det inneber at kommunane må gå i gang med realistiske alternativ om kort tid. Etter drøftingar i rådmannsgruppemøte 26. september er det laga framlegg til kva som bør greiast ut og framdriftsplan for arbeidet.

Årdal har allereie samarbeid med nabokommunane Lærdal og Aurland. Det er derfor naturleg å starte samtale med dei for å avklare vidare utgreiingsarbeid. Rådmannen har, etter drøftingane i møte 26. september i rådmannsgruppa, gitt tilbakemelding om at det ikkje er aktuelt å slutta seg til at Sogn regionråd skal gjennomføra ei felles utgreiing. Dei andre rådmennene har slutta seg til mandatet.

Rådmann meiner at kvar enkelt kommune må styre prosessen og såleis ha utgreiingsansvaret sjølve. Det er nødvendig at Sogn regionråd skal bruke tid og ressursar på å utgreie fakta som er kjente. I tillegg har departementet tilrettelagt for at kommunane lett kan hente ut fakta, kunnskap og informasjon. Ein kan og stille spørsmål med kva relevans momenta under punkt 2 i notatet har for valg av "partner". Vidare er prosjektorganiseringa for omfattande. Det blir feil at eit konsulentselskap skal stå for jobben.

Det som mest av alt er avgjerande for val av "kommunepartner" vil vere geografisk avstand mellom kommunane, og da vil naturleg gruppering for kommunesammenslåing vere: Leikanger, Sogndal og Luster som ein kommune, og Aurland, Lærdal og Årdal som ein kommune. Det er dette ein bør utgreie (sjekke ut) og gå i dialog om i fyste omgang. Deretter får ein vurdere om det er fornuftig og praktisk med ein enda større kommune.

### **Økonomi**

Kommunane vil få dekka kr 100 000,- til utgifter knytt til informasjon og folkehøyring. Alle kommunar som går gjennom reformprosessen og som gjere kommunestyrevedtak innan sommaren 2016 vil få utbetalt kr 100 000,-.

### **Tilråding**

- 1) Med bakgrunn i kommuneproposisjonen 2015 (Prop. 95 S), blir det nedsett ei arbeidsgruppe som skal greie ut ei mogleg samanslåing mellom kommunane Årdal, Lærdal og Aurland
- 2) Arbeidsgruppa skal bestå av ordførar (leiar), gruppeleiarane i kommunestyret og rådmann
- 3) Ordførar tek initiativ til eit drøftingsmøte med Lærdal og Aurland
- 4) Kommunestyret skal haldast orientert om framdrifta.

## **23.10.2014 KOMMUNESTYRET**

Hilmar Høl, AP, fremja forslag om tilleggspunkt til rådmann si tilråding.

- *Årdal kommune må også vere med i ei felles utgreiing i regi av Sogn Regionråd.*

Rådmann si tilråding med Hilmar Høl, AP, sitt framlegg til tilleggspunkt vart samla teke opp til røysting.

Røysting.

Rådmann si tilråding med Hilmar Høl, AP, sitt framlegg til tilleggspunkt vedteke samrøystes.

### **KS-057/14 VEDTAK:**

- 1) Med bakgrunn i kommuneproposisjonen 2015 (Prop. 95 S), blir det nedsett ei arbeidsgruppe som skal greie ut ei mogleg samanslåing mellom kommunane Årdal, Lærdal og Aurland
- 2) Arbeidsgruppa skal bestå av ordførar (leiar), gruppeleiarane i kommunestyret og rådmann
- 3) Ordførar tek initiativ til eit drøftingsmøte med Lærdal og Aurland
- 4) Kommunestyret skal haldast orientert om framdrifta.

5) Årdal kommune må også vere med i ei felles utgreiing i regi av Sogn Regionråd.

### Vedlegg

Dok.dato	Tittel	Grad	Dok.ID
10.09.2014	intensjonsavtale ÅLA		183810
01.09.2014	Invitasjon til å delta i reformprosessen - kommunereform		183110
07.10.2014	Kommunereforma - opplegg for arbeidet i Sogn og Fjordane 2014 - 2016.pdf		185344
10.10.2014	Prosjektplan for gjennomføring av kommunereforma i Sogn og Fjordane.pdf		185345
09.10.2014	Mandat utgreiing Sogn regionråd.pdf		185608

### Ikkje vedlegg

[http://www.regjeringen.no/upload/KMD/KOMM/Meldingsdel\\_kommunereform\\_og\\_vedlegg.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KMD/KOMM/Meldingsdel_kommunereform_og_vedlegg.pdf)